

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
059/2015	Formannskapet i Radøy	PS	18.06.2015

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	14/1418	15/6655

Budsjettoppfølging 2015 - budsjett 2016

Saksopplysingar:

I sak 030/2015 om budsjettregulering 2015 i kommunestyret 10. juni kom Frode Hervik (V) og Kenneth Murberg (H) med framlegg som vart vedteke oversendt formannskapet til handsaming (sjå vedlegg).

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet i Radøy - 059/2015

FS - handsaming:

Saka gjeld oppfølging av budsjett 2015/budsjett 2016, knytt til to oversendingsframlegg i kommunestyret 10. juni - budsjettregulering juni 2015.

I sak 030/2015 i kommunestyret kom Frode Hervik (V) med følgjande tekstframlegg til budsjettregulering:

1. Organisasjonsstruktur med kommunalsjefar vert gjenstand for evaluering. Evalueringa må vera uavhengig av rådmannsgruppa. Dei tilsette må inkludrast i evalueringsprosessen. Evalueringa må føreliggja før endeleg handsaming av budsjett for 2016.
2. Det vert vurdert å gjera Austebygd skule til ein filial under Hordabø skule med felles rektor. Rådmannen kjem tilbake til politisk nivå med sak om barnehage- og skulestruktur hausten 2015, med sikte på slutthandsaming før endeleg handsaming av budsjett for 2016.
3. Det vert vurdert nærare moglege innsparingar på Radøy Interkommunale Busenter (RIB) i samband med budsjett for 2016. Rådmannen kjem tilbake med politisk sak, der ein strategi for institusjonen vert drøfta.

Kenneth Murberg (H) kom med følgjande framlegg:

Radøy Høgre legg til grunn rådmannen sitt nedtrekk. Radøy Høgre legg også til grunn at det vert innført budsjett disiplin i kommunen, og at kvar sektor korrigerer drifta i samsvar med budsjett.

Kommunestyret vedtok at dei to framlegga vart oversendt formannskapet til vidare handsaming.

I formannskapet orienterte rådmannen om tiltak til innsparingar som er gjennomført og som vil bli gjennomført, og sa at desse nedtrekka skal vera nok til å oppfylle innsparingane som det er lagt opp til i budsjettreguleringa.

Rådmannen viste til at ein alt ser verknader av den nye stillingsgruppa, som skal vurdere alle ledige

stillinger med inntil 14 dagars funksjonstid.

Formannskapet drøfta vidare oppfølging av budsjett 2015/budsjett 2016. Under delar av denne drøftinga vart møtet lukka.

Formannskapet samla seg om følgjande framlegg til vedtak:

Formannskapet støttar rådmannen i streng budsjettdisiplin.

FS - vedtak:

Formannskapet støttar rådmannen i streng budsjettdisiplin.

Vedlegg:

Oversendingsframlegg